

# PM

## KM Mellom 2017

*Velkommen til KM Mellom på Lyngholm*

**Start:**

**Start1:** Ca 15 min å gå langs vegen austover til start. Dette gjeld for alle løyper utanom Løype Ny-Open.

**Start2:** Ny-Open startar på samlingsplass fra og med klokka 12.00

**Skygging:** Det er høve til å skygga rekruttane i løype Ny-Open.

**Småttroll:** Løype med start og mål på samlingsplass. Startkontingent kr. 20 og påmelding ved start. Premiering ved målgang.

**Kart:** Løypene er trykte på vassfast papir av høg kvalitet. Dei som likevel ønskjer plastlomme utanpå kartet, får tilbod om det ved Start 1.

**Målestokk:** 1: 7500 for A-løyper, dei andre løypene er trykt på kart i målestokk 1:5000.

**Postbeskrivelsar:** Lause postbeskrivelsar er tilgjengleg for alle løyper på Start 1.

**Terreng og løyper:** Ved Lyngholm er terrenget småkupert med lite av høgvaksten vegetasjon. Det ligg mange postar ute med kort avstand mellom dei. Ver difor nøye med å sjekka at du er komen på rett post før du stemplar. Mellomdistanse inneber at løypene har mange korte strekk og med hyppig retningsforandring. Hugs å ta postane i rett rekkefølge.

**Nytt gjerde:** Eit nytt gjerde er under oppføring i nordvestre kant av løpsterrenget. Gjerdestolpane er komne opp men ikkje gjerdnetting. Gjerdet er såleis ikkje til hinder, men det er strekt ein streng i terrenget nederst langs gjerdestolpane . Ver obs på denne.

NB! Dei nye gjerdestolpane er ikkje teikna inn på kartet.

**Toalett:** Det er sett opp 2 stk felttoalett med dobøtter ved samlingsplass. Ingen toalett ved start.

**Parkering:** Det er ingen offentleg p-plass på Lyngholm. Me har likevel vore så heldige at me får låna fleire private p-plassar. Desse ligg spreidt. Ver difor vakne og følg nøye tilvising og rettleiing frå våre p-vakter på Lyngholm.

**Samkøyring:** Med få p-plassar oppmodar me til å fylla opp bilane best mogeleg. Eit alternativ kan vera at einskilde bilar blir parkerte på plassen der gamle Vandaskog skule stod (jfr. P-plassen under DM Vest i 2013) og at nokre kan køyra saman dei siste 3 km til Lyngholm.

Lukka til!

Helsing  
Sveio O-lag